

Røldal grunneigarlag

NVE Høyringsuttale RSK 201913014

Revisjon av konsesjonsvilkår - Røldal-Suldal vassdraga

Konsesjonen for Røldal-Suldal Kraft er basert på industrikonsesjonlova der "heimfall" til Staten og vertskommunane er ein vesentleg del av avtalen.

Heile rettsprosessen i samband med konsesjonen, ekspropriasjonsskjønn og vilkår i dom er dokumentert for kvar enkelt eigedom i rettsbøkene for Ryfylke Herredsrett.

Vi er sterkt kritiske til at avtalen er blitt broten og dei metodane som er blitt brukt politisk for å få dette til. Vi meiner overføringa av kraftanlegget til Hydro og Lyse er ulovleg. Rettsleg avklaring av eigarforholda er enno ikkje gjennomført.

Vedlegg: Brev frå cand.jur. Tom Berge

Endringar i samfunnet og innføring av Energilova er viktige faktorar som har medført auka problem med tilkomst vinterstid. Dermed er dei forhold skjønnsretten baserte sine erstatningar på blitt verre, særleg vedkomande nivåendring i regulerte vatn og tilkomst vinterstid.

Vilkårsrevisjon:

Det er ikkje enkelt å gi innspel når vi ikkje har tillit til Hydro og Lyse sin intensjon med søknaden. Vi aksepterer heller ikkje at Hydro og Lyse er dei rettmessige eigarane.

Det vi i dette brev tek opp av nødvendige tiltak og endringar i kraftanlegga er på ingen måte å forstå som at vi aksepterer at Hydro eller Lyse har rett til å utføra arbeidet.

Røldal-Suldal-reguleringa omfattar eit stort geografisk område.

Røldal har dei største inngrepa og dei største ulempene med kraftanlegget, både naturinngrep og tap av kultur og miljø er svært omfattande.

Miljø og brukarinteresser er særleg viktig når det gjeld Røldalsvatnet, Valdalsmagasinet og Votnamagasinet, i tillegg tilkomst og bruk av områda som er omfatta av kraftanlegget.

Det ligg eit stort ansvar på NVE til å få gjennomført ein rettferdig og god vilkårsrevisjon som skal gagna natur, miljø og lokalsamfunn i lang framtid.

Konklusjon:

Vilkårsrevisjonen må utsettjast til eigarforholdet er avklart.

Miljørapporten som er presentert som grunnlag for revisjonen har ikkje forslag om eit einaste konkret miljøtiltak i Røldal.

Vi har heller ingen tillit til Hydro og Lyse i så måte.

(Det er presentert eit par miljøforslag i Suldal, men dette er tekniske installasjonar for å gi minstevassføring nederst i to elvar og ikkje noko ekte miljøtiltak.

Prioriterte tiltak: (for framtidig vilkårsrevisjon)

Hovedkravet frå grunneigarlaget er:

Natur og miljøkrav:

- **Minstevassføring i alle regulerte elvar og bekker heile året etter "Q95" regelen.**
Vi har her berre lista opp ein del viktige elvar/bekker, men vil presisera at kravet gjeld alle bekkeinntak som inngår i RSK sine reguleringsanlegg både i Røldal og i Suldal.
 - **Kvesso** frå Nupstjørn
 - **Storelva** (frå Valdalmagasinet til Røldalsvatnet)
 - **Rispuelva**, frå Vestre Middyrvatn, vatnet må ledast forbi inntaket i Austmannalia.
 - **Novlefoss**, i tillegg må bekkeinntaket oppe i fossen fjernast.
 - **Grytøyrelva**
 - **Øyna** inntaket i Skjemmedalen.
 - **Brattlandselva** frå utfallsosen i Røldalsvatn til Suldalsvatn
 - **Roaldkvamsåna**, i heile vassdraget
- **Novlefoss**; 12 m³/s vatn til Novlefoss i turistsesongen, frå kl. 10.00 - 20.00 kvar dag i tidsrommet 1. juni til 1. september.
- **Røldalsvatnet**; strengare manøvreringsreglement som stiller krav om at vatnet normalt er på kote 379 moh i perioden 15. mai til 15. november. (tillet kun reguleringsvariasjon mellom kote 378,5 - 380)
Løyve til maksimalt å senka vatnet med 5 meter til kote 374 moh om vinteren.
Fjerning av luker i Botnen for auka flaumkapasiteten og/eller kombinasjon med tappetunell og ventil for minstevassføring.
- **Frostrøyk**; tiltak for å minska problemet i Røldal vinterstid. (reduert senking av vatnet vil kunna hjelpa på problemet, i tillegg krav om redusert produksjon i Røldal kraftverk når det oppstår frostrøyk)
- **Tilkomst til Valdalen**; vi må bli uavhengig av å bruka isen som ferdselsveg om vinteren, det er for farleg. I strekningen frå dammen i Hyttejuvet til Grytingstølen kan vegen sikrast ved å byggja tunellar eller rasoverbygg på utsette stader eller ein kombinasjon av dette.
- **Båtutsett**; Røldal, Valdalen og Votna.
- **Manøvreringsreglement**; spesifiserte krav til manøvrering av Votna- og Valdalsmagasinet.

Regulering av Valdalsmagasinet - tilkomst og manøvreringsreglement

Bakgrunn:

Brukererfaring gjennom 60 år tilseier at vi ikkje kan rekna med isen som sikker ferdselsveg. Generelt i samfunnet er krava til HMS blitt strengare, dermed er det heller ikkje like enkelt å få utført nødvendig kontroll og merking av løyper på regulerte vatn. Vi opplever no ein periode med mildare klima dette medfører sein islegging. Når kraftverksdrifta idå i tillegg i større grad følgjer markedspris er dette med på å auka problema med overvatn og landlaus is. Jamn tapping gjennom vinteren er det beste når isen skal fungera som ferdselsveg.

Krav om sikker tilkomst til Valdalen

Vi krev at det blir laga sikker **heilårs** tilgang til Valdalen.

Valdalsvegen - ansvaret må overførast til kraftselskapet

Bilvegen på vestsida av magasinet må utbetrast til betre standard og få fast dekke. Det er urimeleg at kommunen skal ha ansvar for vegen når denne er plassert i bratt og vanskeleg terreng fordi dalen er neddemt av kraftselskapet.

Så lenge dalen blir brukt til vasskraftmagasin må regulanten få tildelt alt ansvar for vedlikehald og brøyting av denne vegen frå dammen til austre Valdalen.

Tilkomst til Valdalen gjeld liv og helse. Rasfare både sommar og vinter krev tunell/rasoverbygg i Hellemobakkane og rassikring eller nye trasear nede i magasinet langs gamle Valdalsvatnet.

“(Det er eit under at ikkje fleire liv har gått tapt). Valdalen har vore vår hovudinnfartsåre til Hardangervidda i tusenvis av år. T.d. er naudetatane, lokale rettighetshavarar på almenningen, grunneigarar, friluftsfolk og husdyrnæringa avhengig av sikker adkomst inn Valdalen.”

Tide Buss og Røldal drosje nektar å køyra på Valdalsvegen

Valdalsvegen er i så dårleg stand og manglar føringskanter slik at i praksis vil ikkje drosje og buss ta køyreoppdrag lenger enn opp til dammen i Hyttejuvet.

Rasfare i magasinet.

I bratte partier er det ofte fare for isras i mildversperiodar, dette er spesielt farleg like innafor dammen der vintervegen går ned på isen.

Størst fare dei åra islegging skjer ved høgt nivå i magasinet.

Vegen ned i magasinet må rettast ut med

Manøvreringsreglementet skal ivareta følgjande:

- Sikker allmenn ferdsel både sommar og vinter
- Revegetering av den øvre reguleringssona
- Flaumsikring om hausten

Røldal grunneigarlag

Manøvreringsreglement for Valdalsmagasinet:

Valdalsmagasinet har reguleringsgrense LRV 665 og HRV 745 moh.

Magasinet må tappast til eit nivå under kote 696 til 1. mars slik at vinterferdsel kan foregå frå Åsen i strandsona på vestre side av det opprinnelege Valdalsvatn.

Frå 15. mai, fylling av magasinet opp til kote 720 moh. der det skal haldast rimeleg stabilt fram til 15. september.

Dermed vil det bli tryggare og meir stabilt for bruk av båt, og det kan lagast landingsplass for båt på dei enkelte eigedomar på begge sider av magasinet.

Tilgroing - gjenverande myr og morene frå kote 720 til 745:

Dersom den øverste strandsona får "fred" kan den bli naturleg revegetert. Viktig miljøtiltak då den øvre strandsona får tilbake vegetasjon og blir meir robust mot erosjon og utvasking om hausten når magasinet blir fylt opp.

Det er hauststormane som medfører størst erosjonsskade.

Manøvreringsgrenser, periode og nivå:

Vi kan ikkje lenger akseptera så enorme variasjonar, dette må strammast inn med eit meir miljøvenleg reglement som også tek omsyn til brukarane.

1. januar - 28. februar, tapping for kraftproduksjon

1. mars - magasinet skal vera på kote 696 eller lågare med omsyn til vinterferdsel.

1. mars - 15. mai, tapping for kraftproduksjon

15. mai - 15. september fylling til kote 720 normalt innen 1.juli

16. september - fylling til HRV kote 745,

men med restriksjon for flaumsikring 0 - 10 meter? dette må bli nærmare spesifisert av NVE

Vinterferdsel:

Erfaring tilseier at isen ikkje kan reknast som sikker ferdselsveg.

Vintertilkomst via Heialeite / Tjødnastølskar er uakseptabelt pga svært krevande og verhardt terreng med rasfare. Dette er i praksis ein "topptur" som ikkje er egna som hoveditkomst til dalen.

Bruk av båt - fleire og betre båtutsett:

Sommarferdsel til austsida av magasinet foregår for det meste med båt.

Båtutsett og tilkomst frå Valdalsvegen må vera kreftselskapet sitt ansvar.

Sikker tilkomst - nødvendig med geologisk vurdering

Vi må ha sikker tilkomst til dalen og eigedomane heile året frå dammen i Hyttejuvet til Austre-Valdalen.

Kraftselskapet må løysa dette og gjennomføra nødvendig geologisk vurdering av både sommar- og vinterveg

Bruer og kulvertar

Brua over Holdølo må forsterkast og utvidast i bredden for trygg passering om vinteren.

Det må byggjast kulvert over utløpsosen på det opprinnelege Valdalsvatn (kote 696), og planering av trase for vinterveg til Rinden.

Det må byggjast kulvert over Strandåna.

Røldal grunneigarlag

Driftevegar på austsida av Valdalsmagasinet:

Krav om at det blir laga drifteveg / traktorveg frå austre Valdalen til Kvelven, Medhushålo og Tongavadskåra. Stølsvegar til eigedomane på austsida vart ikkje erstatta ved reguleringa i 1962. Dette er eit stort problem.

Hydro ved Røldal-Suldal Kraft fekk i samband med regulerings skjønnet pålegg om å laga to driftevegar, ein frå Austre-Valdalen til Kjømberget og ein frå dammen i Hyttejuvet til Tongavadskåra. Arbeidet med desse tiltaka vart utført med svært små resursar og resultatet vart ikkje bra. Stien til Kjømberget er dårleg i lange strekningar og knapt brukbar opp til Tongavadskåra. Eigedomane mellom Kjømberget og Tongavadskåra fekk ingen tilkomst i det heile, i praksis er dei heilt utilgjengelege i periodar på grunn av bratt steinur ned i vatnet. Generelt er det tidvis vanskeleg å bruka båt pga. distanse til vatnet, problem med å finna fortøyningsplass der båten ikkje blir slått sund i steinura, situasjonen har forverra seg etter kvart som dalsidene blir meir skadd av erosjon. Utfordring med vind og store bølger om hausten. Bruk av store kraftige båtar let seg ikkje gjera pga. den store reguleringsgraden.

Mobildekning med basestasjon i Høgåsen er eit viktig sikringstiltak.

Når anleggsarbeid på dammen sperrer for vinterferdsel på islagt magasin blir mobildekning ekstra viktig. Store deler av dalen har ikkje mobildekning i dag. Bilvegen kan ikkje nyttast om vinteren pga bratt terreng og stor rasfare. Når reserveløypa over Heialeite og Tjødnastølskar må nyttast pga. usikker is / anleggsarbeid er heile den krevjande og bratte traseen nord for Klentenuten heilt utan mobildekning. Ein basestasjon i Høgåsen vil kunna gi god dekning i heile dalen og store deler av sidedalane.

Dette er eit viktig sikringstiltak som bør lagast for framtidig permanent drift.

Systemet må kunna kommunisera med alle aktuelle mobiloperatørar i Norge.

Votnamagasinet; må fyllast opp tidleg på sommaren med omsyn til estetikk, natur og miljø, dette er også viktig for å kunna bruka båt.

Ved islagt vatn er stabil drift med sein tapping viktig for å oppnå sikker is.

Dam Valdalen

Planlagt arbeid med flaumoverløp NVE saksnr.202412819

Vi har sendt innspel til høyring om planlagt arbeid med flaumoverløp NVE saksnr.202412819, der vi foreslår at tunellstein bør bli brukt til nedkøyringsveg i magasinet, i tillegg til andre nyttige tiltak i Valdalen.

Arbeid med flaumoverløpet bør setjast på vent og samordnast med øvrig anleggsarbeid når endeleg revisjon / konsesjon er avklart.

Nøvdendige tiltak for å sikra allmenn ferdsel til Valdalen og parkeringsareal for vinterbruk må vera ferdigstilt i god tid før det er aktuelt å gå i gang med anleggsarbeid.

Helsing for Røldal grunneigarlag

Røldal / Sauda 31.10.2024

Olav S. Rabbe

Vedlegg: 1) kopi av brev om flaumoverløp i Valdalen med meir.

2) brev frå cand.jur. Tom Berge